

**Straummåling ved Toska S
i Radøy kommune,
hausten 2016**



**R
A
P
P
O
R
T**

Rådgivende Biologer AS

2333



Rådgivende Biologer AS

RAPPORT TITTEL:

Straummåling ved Toska S i Radøy kommune, hausten 2016.

FORFATTAR:

Erling Brekke

OPPDRAKSGIVAR:

Lingalaks AS

OPPDRAGET GITT:

juni 2016

ARBEIDET UTFØRT:

august-oktober 2016

RAPPORT DATO:

23. november 2016

RAPPORT NR:

2333

ANTAL SIDER:

58

ISBN NR:

Ikkje nummerert

EMNEORD:

- Oppdrettslokalitet i sjø
- Gjennomsnittleg straumhastigheit
- Maksimal straumhastigheit

- Straumstille
- Vassutskifting

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS
Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen
Foretaksnummer 843667082-mva

Internett : www.radgivende-biologer.no

E-post: post@radgivende-biologer.no

Telefon: 55 31 02 78

Telefax: 55 31 62 75

Framsdebilete: Straumriggen ved Toska S, stasjon vest, med Toska i bakgrunnen. Foto: Thomas Tveit Furset.

FØREORD

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Lingalaks AS utført straummålingar ved Toska S i Radøy kommune. Eksisterande lokalitet ligg rett nordaust for Austra Tåna på Toska, men det skal søkjast om å flytte lokaliteten om lag 500 meter sørover, til meir open lokalisering i Mangersfjorden søraust for spissen av Toska.

I søknadsskjema for flytande fiskeoppdrettsanlegg blir det stilt krav om resipientgranskingar og straummålingar i samband med søknader om nye lokalitetar, og ved utviding eller større endringar av eksisterande lokalitetar (veglear for utfylling av søknadsskjema, kap. 4.3.3 og 4.3.4). Straummålingar er her gjort i samband med endring/flytting av lokalitet. Straummåling skal gjerast for vassutskiftingsstraum (5 og 15 m djup), spreingsstraum (midt mellom notbotn og sjøbotn, men ikkje djupare enn 50 m under notbotn), og botnstraum (1 meter over sjøbotn, men ikkje djupare enn 100 m under notbotn). Det er også utført botngransking og strandsonegransking i samband med søknaden (Tverberg mfl. 2016), samt ROV-kartlegging (Eilertsen & Todt 2016).

Denne rapporten presenterer resultatata frå straummålingar som vart utført i perioden 2. august – 5. september 2016. Det vart sett ut to riggar med ca 450 m avstand, som dekkjer heile det aktuelle området for nytt anlegg på lokaliteten. Feltarbeidet vart utført av Thomas Tveit Furset, og Kristen Kvalheim ved Lingalaks AS takkast for lån av båt og assistanse ved utsettinga.

Rådgivende Biologer AS takkar Lingalaks AS for oppdraget.

Bergen, 23. november 2016

INNHALD

| | |
|--------------------------------------|----|
| Føreord | 2 |
| Innhald..... | 2 |
| Samandrag..... | 3 |
| Områdeskildring..... | 5 |
| Metodar | 9 |
| Resultat..... | 13 |
| Straumresultat på stasjon vest | 14 |
| Straumresultat på stasjon aust | 20 |
| Diskusjon og vurdering | 27 |
| Om Gytre straummålarar..... | 29 |
| Referansar..... | 30 |
| Vedleggstabellar..... | 31 |
| Vedleggsfigurar..... | 40 |

SAMANDRAG

Brekke, E. 2016

Straummåling ved Toska S i Radøy kommune, hausten 2016.

Rådgivende Biologer AS, rapport 2333, 58 sider.

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Lingalaks AS gjennomført strømmåling i samband med omsøkt flytting av lokalitet ved Toska Sør i Radøy kommune. Nytt aktuelt område ligg på nordsida av Mangersfjorden i Radøy kommune, noko eksponert mot vest til nordvest. Mangersfjorden ligg uterskla ut mot Hjeltefjorden i vest, som i nord er samanbunde med Nordsjøen gjennom ca 200 m djupe tersklar kring Fedje.

| Lokalitet | Lok. nr | Oppdragsgjevar | Koordinat | MTB | Konsesjonar |
|-----------|---------|----------------|--------------------------|------|-------------|
| Toska S | 14018 | Lingalaks AS | 60° 38,030' / 4° 59,813' | 1560 | Hr 1+18 |

I perioden 2. august – 5. september 2016 var det utplassert ein rigg med to stk Nortek Aquadopp punktmålarar (AQD) og to stk Sensordata SD-6000 rotormålarar sør for Austra Tåni på Toska (stasjon vest) for måling av overflatestraum (5 m djup), vassutskiftingsstraum (15 m djup), spreingsstraum (90 m djup), og "botnstraum" (140 m djup). Tilsvarende stod det utplassert ein rigg med ein Nortek Aquadopp profilerande målar (AQP) og to stk Sensordata SD-6000 rotormålarar søraust for Austra Tåni (stasjon aust) for måling på dei same djupa. Djupna var høvesvis ca 398 m (vest) og 345 m (aust) der riggane stod. Resultat frå målingane er oppsummert i **tabell 1** og **2**, og **figur 1**:

Tabell 1. Oppsummering av straumdata i perioden 2. august – 5. september 2016, ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune.

| Målestad / djup | Middel hastigheit (cm/s) | Tilstandsklasse middel hastigheit* | Maks hastigheit (cm/s) | Andel straumsvake periodar (%)** | Andel straumstille (%) | Hovudstraumretning(ar) |
|---------------------|--------------------------|------------------------------------|------------------------|----------------------------------|------------------------|------------------------|
| Toska S vest, 5 m | 11,4 | "svært sterk" | 40,3 | 0,0 | 1,1 | VSV (+ Ø) |
| Toska S vest, 15 m | 9,2 | "svært sterk" | 31,6 | 0,0 | 1,2 | V + Ø |
| Toska S vest, 90 m | 2,5 | "middels sterk" | 13,0 | 44,1 | 31,6 | V + ØSØ |
| Toska S vest, 140 m | 2,0 | "middels sterk" | 9,4 | 51,2 | 27,1 | SV + ØSØ |

*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå tabell 5.

**Periodar på 2,5 timar eller meir med straum svakare enn 2 cm/s

Tabell 2. Oppsummering av straumdata i perioden 2. august – 5. september 2016, ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune.

| Målestad / djup | Middel hastigheit (cm/s) | Tilstandsklasse middel hastigheit* | Maks hastigheit (cm/s) | Andel straumsvake periodar (%)** | Andel straumstille (%) | Hovudstraumretning(ar) |
|---------------------|--------------------------|------------------------------------|------------------------|----------------------------------|------------------------|------------------------|
| Toska S aust, 5 m | 10,6 | "svært sterk" | 45,7 | 0,0 | 0,8 | VSV + Ø |
| Toska S aust, 15 m | 9,0 | "svært sterk" | 34,8 | 0,0 | 1,4 | VSV + Ø |
| Toska S aust, 90 m | 2,1 | "middels sterk" | 9,8 | 42,5 | 28,1 | VSV + Ø |
| Toska S aust, 140 m | 1,7 | "svak" | 7,4 | 62,2 | 33,7 | V + SØ |


*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå tabell 5.

**Periodar på 2,5 timar eller meir med straum svakare enn 2 cm/s

Straumbiletet ved Toska Sør såg i lange periodar ut til å vere hovudsakleg tidevasstyrt, med straum att og fram i om lag vestleg og austleg retning, men vind såg også ut til å ha hatt ein god del innverknad på straumtilhøva i øvre delar av vassøyla. I periodar med mykje vind ser det ut til at straumen i dei øvre vasslaga i større grad går meir kontinuerleg mot vest til sørvest, og gjerne fleire dagar i strekk. Vinden såg derimot ikkje alltid ut til å ha hatt direkte innverknad på straumen, då mest straum vart registrert 1-2 dagar etter den sterkaste vinden, og indirekte effektar som oppstuingsstraum kan også ha hatt innverknad på straumbiletet.

Førekomsten av sterk straum i øvre del av vassøyla var liten, samstundes som førekomsten av straumstille også var liten. Det var ingen registrering av lengre straumsvake periodar i øvre vasslag. Ein kan difor rekne med at det vil vere bra utskiftingstilhøve i eit oppdrettsanlegg i dette området, utan at sterk straum vil ha negativ innverknad på fiskevelferden. Det var noko større førekomst av straumstille lenger nede i vassøyla, men periodane med straumstille var relativt korte, og det vil store delar av tida vere nokså kontinuerleg spreiring av tilførsalar. Straumen ved botn er truleg for svak til at ein får noko særleg resuspensjon av sedimentert materiale, men med den store djupna som er på lokaliteten vil spreingsstraumen truleg ha spreidd organiske tilførsalar godt allereie innan det botnfell.


Straummålingane tyder på at området ved omsøkt ny plassering for Toska S er godt eigna til fiskeoppdrett, både med omsyn på spreiring av tilførsalar frå oppdrettsverksemda og fiskevelferd.



Figur 1. Skisse over straumtilhøva, basert på hovudstraumretningar (flux) og gjennomsnittleg straumhastigheit, på dei fire måledjupa på kvar av stasjonane vest og aust i lokalitetsområdet ved Toska S. Det omsøkte anleggsområdet er teikna inn omtrentleg, samt stasjonar for botngransking (C 1-3).


OMRÅDESKILDRING

Omsøkt lokalitetsområde til oppdrettslokaliteten Toska Sør ligg på søraustspissen av øya Toska om lag 2 km vest for Mangersvågen, på nordsida av Mangersfjorden i Radøy kommune (**figur 2**). Mangersfjorden ligg uterskla ut mot Hjeltefjorden i vest, som i nord er samanbunde med Nordsjøen gjennom ca 200 m djupe tersklar kring Fedje. Mot søraust er Mangersfjorden bunde saman med Radfjorden gjennom dei smale og grunne sunda kring øya Bogno.




Figur 2. Sjøkart over fjordsystema rundt Toska Sør (merka med grøn sirkel). Omkringliggjande oppdrettsanlegg er markert. Kartgrunnlaget er henta frå <http://kart.fiskeridir.no>.

Området er skjerma for vêr og vind frå nordvest til nordaust, er mest eksponert for vind frå vest, og moderat eksponert for vind frå sør til søraust (**figur 3**). Det grunnast mot nord og nordaust frå den planlagde lokaliteten. Det går ein fjellrygg om lag frå Mangersvågen ca 2 km aust for lokaliteten, i sørvestleg retning til like sør for lokaliteten. Mot vest frå lokaliteten djupnest det relativt raskt til vel 400 m, og det er vel 400 m djupt om lag 5 km vidare mot nordvest ut i Hjeltefjorden.




Figur 3. Oversiktskart av omsøkt lokalitetsområde med omtrentleg plassering av planlagd anlegg per 10.11.16. Posisjonar for grabbstasjonar (C), strandsonegransking (S) og straumriggerar (grønt) er markert. Kartgrunnlaget er henta frå <http://kart.fiskeridir.no>.

Djupnetilhøva innanfor det planlagde anleggsområdet ser ut til i hovudsak å vere slakt hellande eller flat botn. Det er imidlertid relativt bratt under den nordvestlege delen av anlegget (**figur 4** og **5**). Under anlegget vil det vere frå ca 200 m til knapt 400 m djupt. Ein ventar at det primært er blautbon under anlegget og i mesteparten av influensområdet, medan ein vil kunne finne hardbotn under den nordvestre delen av anlegget.



Figur 4. Skisse over planlagd anlegg med fortøyingar per 10.11.2016, samt plassering av tre grabbstasjonar (C) og posisjonar for straummåling vest og aust i anleggsområdet (raude sirklar). Kartgrunnlag er henta frå <http://kart.fiskeridir.no>.



Figur 5. Tredimensjonalt Olex-kart av botn, med plassering av planlagd anlegg per 04.04.2016, grabbstasjonane C1 – C3 (gule sirklar) og posisjonar for straummåling vest og aust i anleggsområdet (raude sirklar). Perspektivet er frå 460 m over havet. Nordleg retning er indikert med pil øvst i venstre hjørne på figuren.

METODAR

Straummålingar

Generell instrumentbeskrivelse

Aquadopp strauummålarar måler straum ved hjelp av høgfrekvente akustiske signal. Signalet vert sendt ut i tre aksar, og partiklar i vatnet reflekterer signalet. Når ein antar at partiklane har same fart og retning som vatnet kan straumfart og -retning bereknast på bakgrunn av doppler-effekten. Ved hjelp av innebygd kompass kan retninga på straumen relaterast til himmelretning. Straummålarane har trykksensor som registrerer djup, og tiltsensor som registrerer hellinga til målarane. Sjå <http://www.nortek-as.com/> for meir informasjon om strauummålarar.

Sensordata SD-6000 strauummålarar måler straum mekanisk, ved at straumen driv ein rotor rundt. Registrert straumfart er avhengig av antal omdreiningar av rotoren, samt retninga til målarane i måleperioden. Måleintervallet (10 eller 30 minutt) er delt opp i fem delintervall. På slutten av kvart delintervall blir retninga til målarane registrert, saman med antal omdreiningar (farten) i perioden. Dette gir ein fartsvektor for kvart delintervall. Det vert antatt at retninga til målarane ved slutten av kvart delintervall er representativ for retninga i delperioden. Ved slutten av kvart femte delintervall blir dei fem delvektorane addert, og ein får fartsvektoren for eitt måleintervall. Temperaturen vert lest av som ein momentanverdi på slutten av kvart femte delintervall. Sjå også kapittelet "Om Gytre strauummålarar" bak i rapporten.

Utplassering

I perioden 2. august – 5. september 2016 var det utplassert ein rigg med to stk Nortek Aquadopp punktmålarar (AQD) og to stk Sensordata SD-6000 rotormålarar sør for Austra Tåni på Toska, i posisjon N 60° 37,652', Ø 4° 59,713' (WGS 84) (**figur 4** og **6**; Toska S vest). Samstundes stod det utplassert ein rigg med ein Nortek Aquadopp profilerande målar (AQP) og to stk Sensordata SD-6000 rotormålarar søraust for Austra Tåni på Toska, i posisjon N 60° 37,580', Ø 5° 00,186' (WGS 84) (**figur 4** og **6**; Toska S aust). Posisjonar vart bestemt utifrå planlagd anleggsplassering per 04.04.16 ved prøvetaking. Anleggsplasseringa er endra (10.11.16) og strauummålingane er høvesvis 300 m vest og omtrent midt i anlegget i forhold til ny anleggsplassering, **sjå vedleggsfigur 19**. Djupna var høvesvis ca 398 m (vest) og 345 m (aust) der riggane stod utplassert. På riggen mot vest vart det nytta eit lodd på ca 35 kg, og over nedste målar vart det festa inn ei trålkule i tauet. I overflata vart det nytta to trålkuler og to blåser for oppdrift, og det vart festa inn ei stor blåse og ein blink i eit slakt tau for å ta av for bølgepåverknad og for synlegheit (**figur 6**). På den vestlege riggen vart det nytta lodd på ca 110 kg, og på ca 3 m djup vart det festa inn seks trålkuler. Det vart knytt inn ei lita blåse i overflata for å sikre at riggen stod på korrekt djup, og for synlegheit vart det festa inn ein blink i eit slakt tau. Spesifikasjonar for målarane og utsettet er oppgitt i **tabell 3** og **4**.



Figur 6. Utsette strauumriggar ved Toska S vest (venstre) og Toska S aust (høgre).

Handtering av straumdata

Kontroll av data frå Aquadopp straummålarar er gjort med programmet SeaReport, versjon 1.1.8, eit dataprogram utvikla av Nortek AS. Ved import av datafiler vert data automatisk kontrollert i høve til førehandsbestemte grenseverdiar for signalstyrke, trykk og tilt. Ved gjennomgang av data vert det gjort ein manuell kontroll av data der ein ser på parametrane trykk og tilt. For vidare behandling av data har ein nytta det fritt tilgjengelege dataprogrammet SD6000, versjon 4.6.3.49 samt versjon 4.7.11.71. SD6000 er nytta til generering av figurar, samt avlesing og til berekning av verdiar og statistiske data. I tillegg til nemnde dataprogram er Excel nytta for generering av figurar og enkel handsaming og samanstilling av data. Ved automatisk kvalitetskontroll vart høvesvis 3 og 1 målingar fjerna frå datasetta på 5 og 15 meters djup for den profilerande målarar (**tabell 4**) og 1 måling den 10. august kl 03:40 vart manuelt fjerna frå måleserien på både 5 og 15 m djup på stasjon vest på grunn av høg tilt og avvikande verdiar for høvesvis fart og retning (**tabell 3**).

Tabell 3. Spesifikasjonar for dei utførte straummålingane på stasjon vest.

| Straummålingsperiode | 02.08.2016 – 05.09.2016 | | | |
|---|-------------------------|----------|---------|---------|
| | AQD 8007 | AQD 8084 | SD 1317 | SD 1564 |
| Instrument | | | | |
| Straummålardjup (meter) | 5 | 15 | 90 | 140 |
| Avlest måledjup (meter) | 5 | 15 | 90 | 140 |
| Intervall (minutt) | 10 | 10 | 30 | 30 |
| Antal celler (kun profilerande målarar) | – | – | – | – |
| Cellestorleik (kun profilerande målarar) (m) | – | – | – | – |
| Totalt antal målingar i måleperioden | 4872 | 4872 | 1625 | 1625 |
| Antal målingar fjerna etter kvalitetskontroll | 1 | 1 | 0 | 0 |
| Antal brukte målingar | 4871 | 4871 | 1625 | 1625 |

Tabell 4. Spesifikasjonar for dei utførte straummålingane på stasjon aust.

| Straummålingsperiode | 02.08.2016 – 05.09.2016 | | |
|--|-------------------------|---------|---------|
| | AQP 8072 | SD 1618 | SD 1615 |
| Instrument | | | |
| Straummålardjup (meter) | 22 | 90 | 140 |
| Avlest måledjup (meter) | 5 / 15 | 90 | 140 |
| Intervall (minutt) | 10 | 30 | 30 |
| Antal celler (kun profilerande målarar) | 22 | – | – |
| Cellestorleik (kun profilerande målarar) (meter) | 1 | – | – |
| Totalt antal målingar i måleperioden | 4883 | 1629 | 1629 |
| Antal målingar fjerna etter kvalitetskontroll | 3/1 | 0 | 0 |
| Antal brukte målingar | 4880/4882 | 1629 | 1629 |

Begrunna måledjup, målestad og representativitet

I øvre del av vassøyra vart det målt straum på 5 og 15 m djup, som høvesvis representerer overflate- og vassutskiftingsstraum. Straummålingar frå desse måledjupa vil og då kunne nyttast for utarbeiding av lokalitetsrapport. Spreiingsstraumen vart målt på 90 m djup, og botnstraumen vart målt på 140 m djup. Ein har soleis ikkje målt reell botnstraum i området, men målingane er gjort i høve til gjeldande krav. Nord for posisjonen til Toska S vest skrånar botn bratt oppover mot nord, og riggen vart plassert der botn ser ut til å flate ut. Her vil riggen kunne stå stabilt utan at det er fare for å skli på bratt botn. Posisjonen ligg nær det vestlege hjørnet på omsøkt anlegg. Ved posisjon for Toska S aust skrånar botn nedover mot vest, men med nokså slak helling, og posisjonen ligg nær austleg kortside av omsøkt

anlegg. Dei to posisjonane ligg soleis i kvar sin ende av det omsøkte anlegget, og dei vil gje eit bra bilete av straumtilhøva i heile det omsøkte anleggsområdet.

Bruk av vinddata frå meteorologiske stasjonar

Vinddata frå næraste målestasjon, Fedje er henta inn frå <http://met.no/> for straummålingsperioden. Vindretning og høgaste døgnlege vindhastigheit er teke omsyn til ved vurdering av straumbiletet ved lokaliteten, og er presentert i **vedleggstabell 17**.

Resultatpresentasjon

Resultata av måling av straumhastigheit og straumretning er presentert kvar for seg, samt kombinert i ein **progressiv vektoranalyse**. Eit **progressivt vektorplott** er ein figurstrek som blir til ved at ein tenkjer seg ein merka vasspartikkel som er i straummålarens posisjon ved målestart og som driv med straumen og teiknar ein sti etter seg som funksjon av straumhastigheit og retning (kryssa i diagrammet syner berekna posisjon frå kvart startpunkt ved kvart døgnskifte). Når måleperioden er slutt har ein fått ein lang samanhengande strek, der **vektoren** vert den beine lina mellom start- og endepunktet på streken. Dersom ein deler lengda av vektoren på lengda av den faktiske lina vatnet har følgd, får ein **Neumann-parameteren**. Neumann parameteren fortel altså noko om stabiliteten til straumen i retninga til vektoren. Vinkelen til vektoren ut frå origo, som er straummålarens sin posisjon, vert kalla resultatretninga. Dersom straumen er stabil i resultatretninga, vil figurstreken vere relativt bein, og verdien av Neumann-parameteren vere høg. Er straumen meir ustabil i denne retninga er figurstreken meir «bulkete» i høve til resultatretninga, og Neumann-parameteren får ein låg verdi. Verdien av Neumannparameteren vil ligge mellom 0 og 1, og ein verdi på til dømes 0,80 vil seie at straumen i løpet av måleperioden rann med 80 % stabilitet i vektorretninga, noko som er ein svært stabil straum.

Vasstransporten (relativ fluks) er også ein funksjon av straumhastigheit og straumretning, og her ser ein kor mykje vatn som renn gjennom ei rute på 1 m² i kvar 15 graders sektor i løpet av måleperioden. Når ein reknar ut relativ fluks, tek ein utgangspunkt i alle målingane for straumhastigheit i kvar 15 graders sektor i løpet av måleperioden. For kvar måling innan ein gitt sektor multipliserer ein straumhastigheita med tidslengda, dvs kor lenge målinga vart gjort innan denne sektoren. Her må ein og ta omsyn til om tidsserien inneheld straummålingar med ulik styrke. Summen av desse målingane i måleperioden gjev relativ fluks for kvar 15 graders sektor. Relativ fluks er svært informativ og fortel korleis vasstransporten som funksjon av straumhastigheit og – retning er på lokaliteten.

Ved oppsummering av straumtilhøva på ulike måledjup har ein sett på førekomst av **sterk straum**, **svak straum**, og **straumstille**. Sterk straum innanfor djupna der fisken befinn seg er definert som straum over 30 cm/s, sidan høg straumfart vil kunne påverke fiskevelferden. Sterk straum langs botn er definert som straum over 10 cm/s, sidan dette er ansett som nedre grense for at resuspensjon av sedimentert materiale skal kunne førekomme. Svak straum er definert som straum svakare enn 2 cm/s, og straumsvake periodar er definert som svak straum i 2,5 timar eller meir. Straumstille er definert som straum svakare enn 1 cm/s.

Klassifisering av straummålingane

Rådgivende Biologer AS har utarbeidd eit system for klassifisering av overflatestraum, vassutskiftingsstraum, spreingsstraum og botnstraum med omsyn til dei tre parametranne gjennomsnittleg straumhastigheit, retningsstabilitet og innslag av straumsvake periodar (**tabell 5**). Klassifiseringa er utarbeidd på grunnlag av resultat frå straummålingar med Gytte Straummålarar (modell SD-6000) på om lag 60 lokalitetar for overflatestraum, 150 lokalitetar for vassutskiftingsstraum og 70 lokalitetar for spreingsstraum og botnstraum.

Tabell 5. Rådgivende Biologer AS klassifisering av ulike tilhøve ved straummålingane, basert på fordeling av resultatane i eit omfattande erfaringsmateriale frå Vestlandet. Straumsvake periodar er definert som straum svakare enn 2 cm/s i periodar på 2,5 timar eller meir.

| Tilstandsklasse | I | II | III | IV | V |
|---|---------------------|---------------|-----------------------|--------------------|--------------------------|
| gjennomsnittleg straumhastigheit | svært sterk | sterk | middels sterk | svak | svært svak |
| Overflatestraum (cm/s) | > 10 | 6,6 - 10 | 4,1 - 6,5 | 2,0 - 4,0 | < 2,0 |
| Vassutskiftingsstraum (cm/s) | > 7 | 4,6 - 7 | 2,6 - 4,5 | 1,8 - 2,5 | < 1,8 |
| Spreiingsstraum (cm/s) | > 4 | 2,8 - 4 | 2,1 - 2,7 | 1,4 - 2,0 | < 1,4 |
| Botnstraum (cm/s) | > 3 | 2,6 - 3 | 1,9 - 2,5 | 1,3 - 1,8 | < 1,3 |
| Tilstandsklasse andel | I | II | III | IV | V |
| straumsvake periodar | svært lite | lite | middels | høg | svært høg |
| Overflatestraum (%) | < 5 | 5 - 10 | 10 - 25 | 25 - 40 | > 40 |
| Vassutskiftingsstraum (%) | < 10 | 10 - 20 | 20 - 35 | 35 - 50 | > 50 |
| Spreiingsstraum (%) | < 20 | 20 - 40 | 40 - 60 | 60 - 80 | > 80 |
| Botnstraum (%) | < 25 | 25 - 50 | 50 - 75 | 75 - 90 | > 90 |
| Tilstandsklasse | I | II | III | IV | V |
| retningsstabilitet | svært stabil | stabil | middels stabil | lite stabil | svært lite stabil |
| Alle djup (Neumann parameter) | > 0,7 | 0,4 - 0,7 | 0,2 - 0,4 | 0,1 - 0,2 | < 0,1 |

HYDROGRAFISK PROFIL

Hydrografiske tilhøve vart målt med ein SAIV CTD/STD sonde modell SD204. Sonden vart senka ned til botn, og registrerte temperatur, saltinnhald, oksygen og djup kvart andre sekund. Målingar vart utført den 29. juni 2016 i samband med grabbing på lokaliteten. Målingane vart gjort ned til botn på 413 m djup ved stasjon C2 i posisjon N 60° 37,438', Ø 4° 59,341' (jf. **figur 4**). Avstand til vestre straumrigg er ca 500 meter, og til austre straumrigg ca 800 meter.

RESULTAT

Det er målt straum på to stasjonar ved planlagt nytt anleggsområde ved Toska Sør. Mykje av resultata viser tilsvarende straumtilhøve på dei to målestasjonane, og blir kort oppsummert her. Vidare blir detaljar med figurar og tabellar presentert for kvar stasjon, først den vestlege stasjonen, så den austlege.


Straumen gjekk i hovudsak mot vest til sørvest på alle djup og på begge stasjonar, men det var også ein god del straum i austleg retning. Gjennomsnittsstraumen var svært sterk i øvre vasslag på 5 og 15 m djup, og for det meste middels sterk nedover i djupna på 90 og 140 m djup (**tabell 6** og **11**).

Straumbiletet ved Toska Sør såg i lange periodar ut til å vere hovudsakleg tidevasstyrt, med fire straumtoppar i døgnet, mest tydeleg ved den vestlege stasjonen (**figur 9 – 10** og **14 – 15**, **vedleggs-figur 2 – 5** og **11 – 14**). Det var også retningsskifte mellom dei fleste av desse straumtoppane, som også tyder på tidevasspåverknad. Det kunne sjå ut til å vere litt meir straumaktivitet rundt nymåne 2. august på 90 og 140 m djup, men for det meste var periodane med sterk og svak straum noko "rotete" i djupna, og det var stort sett lite samsvar mellom straum og månefasar på lokaliteten (**figur 8** og **13**).

Vind såg også ut til å ha hatt ein god del innverknad på straumtilhøva i øvre delar av vassøyla, og her var det mest straum i samband med periodane det var mest vind (jf. **figur 7** og **8**). Vinden såg derimot ikkje alltid ut til å ha hatt direkte innverknad på straumen, då mest straum vart registrert 1-2 dagar etter den sterkaste vinden den 9. august. Retninga til den sterkaste straumen 10. august var mot vest til sørvest, som er nesten i motsett retning av den sterkaste vinden, som kom frå nordvest til nord 9. og 10. august. Det kan tenkjast at den noko langvarige perioden med sterk straum frå 9. – 12. august delvis skuldast ein "sleppetraum" som kom etter at den nordvestlege vinden løya noko frå den 10. august, og såleis friga vatn som hadde vorte oppstua sørover langs kysten og innover i fjordane. Den sterkaste straumen på 5 m djup på begge stasjonar vart målt om lag i austleg retning den 30. august. Samstundes var det relativt sterk vind frå vestsørvest ved Fedje, noko som tyder på at straumen i overflatelaget kan ha vore meir direkte vindgenerert ved dette høvet.

KVALITETSVURDERING AV MÅLEDATA

Ved optak stod straumriggeren i same posisjon som ved utsett. Det var ikkje begroing på målarane, og det var ingen skade eller merke på tau eller utstyr. Ved avlesing av data vart 1-3 målingar automatisk eller manuelt fjerna frå måleseriane på både 5 og 15 m djup på stasjon vest og aust (sjå metode). Dette vil ikkje ha påverka datasetta i nemneverdig grad. Målarane såg elles ut til å ha fungert fint gjennom heile måleperioden.



Figur 7. Observasjonar av maksimal vindstyrke (svart linje, venstre skala i m/s), og vindretning angitt med tre stolpar per dag, der venstre, midtre og høgre stolpe kvart døgnet representerer vindretninga høvesvis kl 06.00, 12.00 og 18.00 (høgre skala i grader), på vèrstasjonen på Fedje i Fedje kommune i straummålingsperioden.


Straummålingane vart utført i ein haustperiode med periodevis ein del endringar i lufttrykk og noko sterk vind (**figur 7** og **vedleggstabell 17**). Gjennom måleperioden kom det vind frå dei fleste retningar, men den sterkaste vinden kom frå mellom vest og nord. Målestasjonen ved Fedje ligg ca 23 km nordvest for lokaliteten, og er truleg bra representativ for vinden ved lokaliteten. Resultata av målingane er vurdert som godt representative for lokaliteten.

STRAUMRESULTAT PÅ STASJON VEST


Tabell 6. Oppsummering av straumdata ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune i perioden 2. august – 5. september 2016. Der det er fleire hovudstraumretningar er den mest gjeldande oppgitt først.

| Målestad / djup | Middel hastighet (cm/s) | Tilstandsklasse middel hastighet * | Maks hastighet (cm/s) | Hovudstraumretning(ar) |
|---------------------|-------------------------|------------------------------------|-----------------------|------------------------|
| Toska S vest, 5 m | 11,4 | "svært sterk" | 40,3 | VSV (+ Ø) |
| Toska S vest, 15 m | 9,2 | "svært sterk" | 31,6 | V + Ø |
| Toska S vest, 90 m | 2,5 | "middels sterk" | 13,0 | V + ØSØ |
| Toska S vest, 140 m | 2,0 | "middels sterk" | 9,4 | SV + ØSØ |


*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå **tabell 5**.




Figur 8. Døgnmidlar for straumfart ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune i straummålingsperioden.



Figur 9. *Straumhastighet ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune på 5 m djup (raud) og 15 m djup (blå) i strømmålingsperioden.*



Figur 10. *Straumhastighet ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune på 90 m djup (raud) og 140 m djup (blå) i strømmålingsperioden.*




Figur 11. Fordeling av strømhastighet (venstre), samt flux/vasstransport (midten) og maksimal strømhastighet (høgre) for kvar 15° sektor på 5, 15, 90 og 140 m djup ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune i strømmålingsperioden.

Tabell 7. Skildring av hastighet, varians, stabilitet, og retning til straumen ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune i perioden 2. august – 5. september 2016.

| Måledjup | Varians (cm/s) ² | Neumann-parameter | Tilstandsklasse Neumann-parameter* | Resultantretning |
|-----------|-----------------------------|-------------------|------------------------------------|------------------|
| 5 meter | 43,635 | 0.283 | "middels stabil" | 237° = VSV |
| 15 meter | 26,506 | 0,160 | "lite stabil" | 247° = VSV |
| 90 meter | 3,828 | 0.252 | "middels stabil" | 227° = SV |
| 140 meter | 1,648 | 0.431 | "stabil" | 172° = S |

*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå **tabell 5**.



Figur 12. Progressivt vektorplott for målingane ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune i straummålingsperioden.

STRAUMSTERKE PERIODAR.

Det vart registrert 26 periodar med sterk straum på 5 m djup og 3 periodar på 15 m djup, med lengste periode på høvesvis 1,7 og 0,3 timar (**tabell 8**). Det var ingen registreringar av samstundes sterk straum på 5 og 15 m djup.

Tabell 8. Skildring av registreringar av straumsterke periodar ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune oppgjeve som tal på observerte periodar av ei gitt lengde med straumhastigheit på 30 cm/s eller høgare for overflate- og vassutskiftingsstraum, og 10 cm/s eller høgare for spreings- og botnstraum. Lengste periode med sterk straum er også oppgjeve, samt andelen registreringar.

| Måledjup | 0,17- 2,33 t | 2,5- 6 t | 6,17- 12 t | 12,17- 24 t | 24,17- 36 t | 36,17- 48 t | 48,17- 60 t | 60,17- 72 t | >72t | Maks | Andel (%) |
|-----------|-----------------|-------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------|-------|--------------|
| 5 meter | 26 | | | | | | | | | 1,7 t | 1,3 |
| 15 meter | 3 | | | | | | | | | 0,3 t | 0,1 |
| 90 meter | 5 | | | | | | | | | 1,0 t | 0,4 |
| 140 meter | | | | | | | | | | 0,0 t | 0,0 |

Det var fem separate registreringar av straum over 10 cm/s på 90 m djup, der lengste periode varte i 1 time. På 140 m djup var det ikkje straum over 10 cm/s.

STRAUMSVAKE PERIODAR

Det var ingen registreringar av straumsvake periodar med varigheit over 2,5 timar på 5 og 15 m djup (klassifisert som "svært lite", **tabell 9**). På 90 og 140 m djup var det middels innslag av straumsvake periodar. Lengste periode med svak straum på 5 og 15 m djup var høvesvis 30 og 40 minutt, medan lengste periode på 90 og 140 m djup var høvesvis 28 og 31,5 timar.

Tabell 9. Skildring av straumsvake periodar ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune oppgjeve som tal på observerte periodar av ei gitt lengde med straumhastigheit mindre enn 2 cm/s. Lengste straumsvake periode og andel straumsvake periodar er også oppgjeve.

| Måledjup | 0,17- 2,33 t | 2,5- 6 t | 6,17- 12 t | 12,17- 24 t | 24,17- 36 t | 36,17- 48 t | 48,17- 60 t | 60,17- 72 t | >72t | Maks | Andel (%) | Tilstandsklasse andel straumsvake periodar * |
|-----------|-----------------|-------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------|--------|--------------|--|
| 5 meter | 117 | | | | | | | | | 0,5 t | 0,0 | "svært lite" |
| 15 meter | 137 | | | | | | | | | 0,7 t | 0,0 | "svært lite" |
| 90 meter | 78 | 40 | 13 | 4 | 2 | | | | | 28,0 t | 44,1 | "middels" |
| 140 meter | 75 | 32 | 17 | 6 | 2 | | | | | 31,5 t | 51,2 | "middels" |

*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå **tabell 5**.

REGISTRERINGAR AV STRAUMSTILLE

På 5 m djup var det totalt 55 enkeltregistreringar (dvs varigheit på 10 min) med straumstille, noko som utgjer 1,1 % av målingane (**tabell 10, vedleggstabell 1**). Desse registreringane var fordelt på 53 periodar, og lengste periode var 20 minutt. Mengda straumstille på 15 m djup var nokså lik som på 5 m, med 57 enkeltregistreringar fordelt på 52 periodar, der lengste periode varte i 20 minutt. Det var ingen registreringar av samstundes straumstille på 5 og 15 m djup.

På 90 og 140 m djup var det eit høgare antal registreringar, og andelen straumstille låg rundt 30 % (**tabell 10**). Andelen samstundes straumstille var 13,9 %, med lengste periode på 6 timar.

Tabell 10. Skildring av registreringar av straumstille ved Toska S, stasjon vest i Radøy kommune oppgjeve som tal på observerte periodar av ei gitt lengde med straumhastigheit på 1 cm/s eller mindre. Lengste periode med straumstille er også oppgjeve, samt andelen registreringar.


| Måledjup | 0,17- 2,33 t | 2,5- 6 t | 6,17- 12 t | 12,17- 24 t | 24,17- 36 t | 36,17- 48 t | 48,17- 60 t | 60,17- 72 t | >72t | Maks | Andel (%) |
|-----------|-----------------|-------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------|--------|-----------|
| 5 meter | 53 | | | | | | | | | 0,3 t | 1,1 |
| 15 meter | 52 | | | | | | | | | 0,3 t | 1,2 |
| 90 meter | 98 | 29 | 6 | | | | | | | 10,0 t | 31,6 |
| 140 meter | 113 | 26 | 1 | 1 | | | | | | 13,0 t | 27,1 |

STRAUMRESULTAT PÅ STASJON AUST


Tabell 11. Oppsummering av straumdata ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune i perioden 2. august – 5. september 2016. Der det er fleire hovudstraumretningar er den mest gjeldande oppgitt først.

| Målestad / djup | Middel hastighet (cm/s) | Tilstandsklasse middel hastighet * | Maks hastighet (cm/s) | Hovudstraumretning(ar) |
|---------------------|-------------------------|------------------------------------|-----------------------|------------------------|
| Toska S aust, 5 m | 10,6 | "svært sterk" | 45,7 | VSV + Ø |
| Toska S aust, 15 m | 9,0 | "svært sterk" | 34,8 | VSV + Ø |
| Toska S aust, 90 m | 2,1 | "middels sterk" | 9,8 | VSV + Ø |
| Toska S aust, 140 m | 1,7 | "svak" | 7,4 | V + SØ |


*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå tabell 5.




Figur 13. Døgnmidlar for straumfart ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune i strømmålingsperioden.



Figur 14. *Straumhastighet ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune på 5 m djup (raud) og 15 m djup (blå) i strømmålingsperioden.*



Figur 15. *Straumhastighet ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune på 90 m djup (raud) og 140 m djup (blå) i strømmålingsperioden.*




Figur 16. Fordeling av strømhastighet (venstre), samt flux/vasstransport (midten) og maksimal strømhastighet (høgre) for kvar 15° sektor på 5, 15, 90 og 140 m djup ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune i strømmålingsperioden.

Tabell 12. Skildring av hastighet, varians, stabilitet, og retning til straumen ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune i perioden 2. august – 5. september 2016.

| Måledjup | Varians (cm/s) ² | Neumann-parameter | Tilstandsklasse Neumann-parameter* | Resultant-retning |
|-----------|-----------------------------|-------------------|------------------------------------|-------------------|
| 5 meter | 35,573 | 0.207 | "middels stabil" | 230° = SV |
| 15 meter | 24,098 | 0,080 | "svært lite stabil" | 199° = SSV |
| 90 meter | 1,682 | 0.060 | "svært lite stabil" | 226° = SV |
| 140 meter | 1,041 | 0.182 | "lite stabil" | 210° = SSV |

*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå **tabell 5**.



Figur 17. Progressivt vektorplott for målingane ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune i straummålingsperioden.

STRAUMSTERKE PERIODAR.

Det vart registrert 22 periodar med sterk straum på 5 m djup og 3 periodar på 15 m djup, med lengste periode på høvesvis 40 og 10 minutt (**tabell 13**). Det var ingen registreringar av samstundes sterk straum på 5 og 15 m djup.

Det var ingen registreringar av straum over 10 cm/s på 90 eller 140 m djup.

Tabell 13. Skildring av registreringar av straumsterke periodar ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune oppgjeve som tal på observerte periodar av ei gitt lengde med straumhastigheit på 30 cm/s eller høgare for overflate- og vassutskiftingsstraum, og 10 cm/s eller høgare for spreings- og botnstraum. Lengste periode med sterk straum er også oppgjeve, samt andelen registreringar.

| Måledjup | 0,17- 2,33 t | 2,5- 6 t | 6,17- 12 t | 12,17- 24 t | 24,17- 36 t | 36,17- 48 t | 48,17- 60 t | 60,17- 72 t | >72t | Maks | Andel (%) |
|-----------|-----------------|-------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------|--------|--------------|
| 5 meter | 22 | | | | | | | | | 0,67 t | 0,8 |
| 15 meter | 3 | | | | | | | | | 0,17 t | 0,1 |
| 90 meter | | | | | | | | | | 0,0 | 0,0 |
| 140 meter | | | | | | | | | | 0,0 t | 0,0 |

STRAUMSVAKE PERIODAR

Det var ingen registreringar av straumsvake periodar med varigheit over 2,5 timar på 5 og 15 m djup (klassifisert som "svært lite", **tabell 14**). På 90 og 140 m djup var det middels innslag av straumsvake periodar. Lengste periode med svak straum var 20 minutt på både 5 og 15 m djup, medan lengste periode på 90 og 140 m djup var høvesvis 32 og 33,5 timar.

Tabell 14. Skildring av straumsvake periodar ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune oppgjeve som tal på observerte periodar av ei gitt lengde med straumhastigheit mindre enn 2 cm/s. Lengste straumsvake periode og andel straumsvake periodar er også oppgjeve.

| Måledjup | 0,17- 2,33 t | 2,5- 6 t | 6,17- 12 t | 12,17- 24 t | 24,17- 36 t | 36,17- 48 t | 48,17- 60 t | 60,17- 72 t | >72t | Maks | Andel (%) | Tilstandsklasse andel straumsvake periodar * |
|-----------|-----------------|-------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------|--------|--------------|--|
| 5 meter | 140 | | | | | | | | | 0,3 t | 0,0 | "svært lite" |
| 15 meter | 175 | | | | | | | | | 0,3 t | 0,0 | "svært lite" |
| 90 meter | 90 | 35 | 9 | 5 | 2 | | | | | 32,0 t | 42,5 | "middels" |
| 140 meter | 49 | 32 | 25 | 6 | 1 | | | | | 33,5 t | 62,2 | "middels" |

*Viser til vårt eige klassifiseringssystem, sjå **tabell 5**.

REGISTRERINGAR AV STRAUMSTILLE

På 5 m djup var det totalt 38 enkeltregistreringar (dvs varigheit på 10 min) med straumstille, noko som utgjer 0,8 % av målingane (**tabell 15, vedleggstabell 9**). På 15 m djup var det totalt 68 enkeltregistreringar fordelt på 66 periodar, der lengste periode varte i 20 minutt. Det var ei registrering av samstundes straumstille på 5 og 15 m djup (10 minutt).

På 90 og 140 m djup var det eit høgare antal registreringar, og andelen straumstille av det totale antal målingar låg rundt 30 % (**tabell 15**). Andelen samstundes straumstille var 15,5 %, med lengste periode på 6,5 timar.


Tabell 15. Skildring av registreringar av straumstille ved Toska S, stasjon aust i Radøy kommune oppgjeve som tal på observerte periodar av ei gitt lengde med straumhastigheit på 1 cm/s eller mindre. Lengste periode med straumstille er også oppgjeve, samt andelen registreringar.

| Måledjup | 0,17- 2,33 t | 2,5- 6 t | 6,17- 12 t | 12,17- 24 t | 24,17- 36 t | 36,17- 48 t | 48,17- 60 t | 60,17- 72 t | >72t | Maks | Andel (%) |
|-----------|-----------------|-------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------|--------|-----------|
| 5 meter | 38 | | | | | | | | | 0,17 t | 0,8 |
| 15 meter | 66 | | | | | | | | | 0,3 t | 1,4 |
| 90 meter | 116 | 25 | 5 | | | | | | | 9,0 t | 28,1 |
| 140 meter | 83 | 30 | 10 | | | | | | | 11,5 t | 33,7 |

TEMPERATURTILHØVE

I starten av måleperioden var døgnmiddeltemperaturen jamt avtakande i øvre del av vassøyla, frå 14,9 °C på 5 m djup til 12,7 °C på 22 m djup (**figur 18**). Temperaturen sokk noko utover i august på alle djup, men i perioden 7. – 13. august var det ein del variasjon i temperaturen på grunn av mykje vind og sterk straum, spesielt på 15 og 22 m djup. Frå midten av august og resten av måleperioden auka temperaturen i dei øvre vasslaga litt, og temperaturen på dei ulike måledjupa nærma seg kvarandre rundt 14 °C. På 90 m djup var døgnmiddeltemperaturen ganske jamn rundt 7,7 °C, med ein liten auke til rundt 8,0 °C siste to vekene av måleperioden, medan straumen på 140 m djup var stabil rundt 7,6 °C heile perioden.

Døgnvariasjonen i temperatur på 5 m djup var relativt låg, og låg stort sett mellom 0,2 – 0,8 °C (**vedleggsfigur 1**). På 15 og 22 m djup var variasjonen større, spesielt først i perioden, med for det meste ca 0,5 – 2 °C, og opp i høvesvis 3,3 og 3,5 °C den 12. august (**vedleggsfigur 1 og 10**). På 90 og 140 m djup var døgnvariasjonen i temperatur svært liten, og sjeldan over 0,1 – 0,2 °C.




Figur 18. Døgnmidlar for temperatur målt ved Toska S i Radøy kommune på dei ulike straummålardjupa i måleperioden. Målar på 22 m djup stod på stasjon aust, resten på stasjon vest.

SJIKTINGSTILHØVE

Temperatur, saltinnhald og oksygeninnhald vart målt i vassøyla den 29. juni 2016 i samband med grabbing på lokaliteten.

Profilen viser at dei øvste metrane av vassøyla var ferskvasspåverka, og på 1 m djup var saltinnhaldet 20,6 ‰. Saltinnhaldet auka raskt nedover i vassøyla til 30,4 ‰ på 5 m djup, og på 40 m djup var det 34,5 ‰. Det var ein svak auke vidare ned mot botn på 413 m djup, kor saltinnhaldet var 35,4 ‰ (**figur 19**). Temperaturen var høgast i overflata, med 14,6 °C på 1 m djup. Temperaturen sokk raskt ned mot 40 m djup, kor temperaturen var 7,9 °C. Vidare nedover i vassøyla var temperaturen relativt jamn, og ved botn på 413 m djup var temperaturen 7,7 °C. I overflata på 1 m djup var oksygeninnhaldet 8,4 mg O/l, tilsvarende ei metting på 97 %. Oksygeninnhaldet auka til 9,4 mg O/l (109 %) på 11 m djup, før det sokk til 7,4 mg O/l (80 %) på 42 m djup, før det igjen auka noko til 7,7 mg O/l (83 %) på 75 m djup. Vidare nedover i vassøyla var det lite variasjon i oksygeninnhald, og ved botn på 413 m djup var innhaldet 7,0 mg O/l (76 %). Oksygeninnhaldet i djupvatnet tilsvarende tilstandsklasse I = "svært god" (rettleiar 02:2013).



Figur 19. Temperatur-, saltinnhald og oksygen i vassøyla på stasjon C2 ved Toska S i Radøy den 29. juni 2016.

DISKUSJON OG VURDERING

Overflatestraumen på 5 m djup og vassutskiftingsstraumen på 15 m djup ved Toska Sør vart klassifisert som "svært sterk", i høve til djupna både ved den vestlege og austlege stasjonen i måleperioden. På 90 og 140 m djup var spreings- og botnstraumen for det meste "middels sterk", men så vidt ned på "svak" for botnstraumen i aust. Straummålingane vart gjort i ein haustperiode med variable vindtilhøve, frå periodar med lett bris til oppi liten storm på kysten, og straumbiletet såg ut til å vere påverka av både vind og tidevatn. Målingane er truleg godt representative for det meste av vanlege vind- og straumtilhøve på lokaliteten gjennom året.

Klassifisering av målingane er gjort etter tabell utvikla av Rådgivende Biologer basert på erfaringsmateriale frå rotormålarar (SD-6000). Nokre av målingane på lokaliteten er utført med doppler-målarar, og ulike erfaringar tilseier at resultat frå desse ikkje utan vidare kan vurderast etter same klassifiseringstabell (sjå m.a. eige kapittel "om Gytte straummålarar" lenger bak). Doppler-målarar ser jamt over ut til å registrere noko høgare gjennomsnittsfart enn rotormålarar, og lågare andel straumstille og straumsvake periodar. Ut frå ei vurdering av resultatata er det mest truleg at gjennomsnittsstraumen eigentleg burde klassifiserast som "sterk" og ikkje "svært sterk" på 5 og 15 meters djup på lokaliteten.

Retninga til straumen var i hovudsak mot vest til sørvest på alle djup og på begge stasjonar, men det var også ein god del straum i austleg retning. Meir detaljert analyse tyder på at straumen i periodar med lite vind hovudsakleg er styrt av tidevatnet, og går forholdsvis jamt att og fram på lokaliteten i om lag vestleg og austleg retning. I periodar med meir vind, og truleg også i periodar med oppstuvingsstraum og t.d. utbrot frå Kyststraumen, ser det ut til at straumen i dei øvre vasslaga i større grad går meir kontinuerleg mot vest til sørvest, og gjerne fleire dagar i strekk. Totalt sett fører dette til ein netto vasstransport i vestleg retning. Den sterkaste overflatestraumen på lokaliteten vart rett nok målt om lag i austleg retning ved sterk vind frå vestsørvest, men det ser ikkje ut til at ein slik situasjon førekjem så ofte at det får særleg innverknad på den totale vasstransporten.

Tidlegare straummålingar på lokaliteten viser tilsvarande bilete som ved målingane i 2016. I september-oktober 2011 vart det målt straum på 5, 15, 50 og 100 m djup på lokaliteten, men om lag 250 meter nord for den vestlege riggen frå 2016, og på noko grunnare vatn inn mot Toskeflua (Berge-Haveland 2011). Straumen her gjekk dominerande mot vestsørvest til vest på 5, 15 og 100 m djup (**tabell 16**), medan straumen på 50 m djup i all hovudsak gjekk mot søraust. Det var vesentleg mindre returstraum i austleg retning i denne måleperioden. Det er vanskeleg å vurdere om denne skilnaden skuldast ulik måleperiode, eller om overflatestraumen lenger nord i området i større grad går i vestleg retning, truleg er det ein kombinasjon av desse. Styrken på straumen var ganske samanfallande på samanliknbare djup mellom målingane i 2011 og målingane i 2016, men maksimalstraumen var noko sterkare på 5 m, og snittstraumen noko lågare på 15 m i 2011 (**tabell 16**).

Tabell 16. Statistiske data frå straummålingane på 5, 15 og 90/100 meters djup i omsøkt lokalitetsområde for Toska Sør i periodane september-oktober 2011 (Berge-Haveland 2011) og august-september 2016.

| År | 2011 | | | 2016 - vest | | | 2016 - aust | | |
|----------------------|------|-------|------|-------------|------|-------|-------------|-------|-------|
| | 5 m | 15 m | 100m | 5 m | 15 m | 90 m | 5m | 15m | 90 m |
| Gjennomsnittsfart | 10,6 | 5,3 | 2,4 | 11,4 | 9,2 | 2,5 | 10,6 | 9,0 | 2,1 |
| Maksimumsfart | 53,8 | 30,2 | 9,8 | 40,3 | 31,6 | 13,0 | 45,7 | 34,8 | 9,8 |
| Hovudstraumretningar | VSV | VSV+Ø | V | VSV+Ø | V+Ø | V+ØSØ | VSV+Ø | VSV+Ø | VSV+Ø |

